

Andre gange er det gået mildere for sig, selv om voldsperspektivet har været tydeligt nok. En række nye religioner har således været involveret i enkeltsager, der har vist, at medlemmerne her – som vi kender det fra mere konventionelle trossamfund – bærer et voldspotentiale, som kan være religiøst motiveret, hvilket omtales i bogens del III. Hvor *The Big Five* er klassisk stof, er dette stof nyt, og nogle læsere vil sikkert undre sig over forekomsten af racistisk, sexistisk, nationalistisk og revolutionsromantisk motiveret vold i nye religioner, ligesom de blodige begivenheder i en svensk frikirke eller de voldelige begivenheder i en aflægger af Hare Krishna-bevægelsen, næppe er alment kendt.

Bogens del IV indeholder måske det mest interessante set fra et akademisk perspektiv. Her behandles en række religioner som udtrykker sig gennem en voldelig retorik uden dog at omsætte de farlige ord i handling. De sociale og politiske vilkår omkring den slags dirkursive fænomener er af stor interesse og kan, som så meget andet i studiet af nye religioner, benyttes som laboratorium i teoridannelse om parallele fænomener blandt mere uoverskuelige trossamfund eller religioner fra en svunden tid.

I bogens sidste del, del V, berøres i to kapitler omgivelsernes vold rettet mod nye religioner. Det ene eksempel er de kinesiske myndigheders brutale fremfaerd overfor Falun Gong, det andet vedrører de systematiske “deprogrammeringer” eller forsøg på tvangsomvending af medlemmer fra en lang række nye religioner, som gennem mange år blev gennemført af professionelle voldsmaend – ofte støttet af kristne missionsforeninger, også i Danmark. Man kunne have ønsket sig en grundigere analyse af dette fænomen som var altdominerende i debatten om disse religioner i flere årtier, ligesom den symbolske vold de nye religioner ofte er blevet mødt med i pressen, fra politisk hold og fra kirkerne åbenbart er fravalgt til fordel for den rigtige vold. Man savner også en lidt grundigere kobling til religionshistorien i det hele taget: Religionernes historie er jo ganske blodig og ubehagelig, og en nøjere kontekstualisering af den vold, der optræder i relation til de nye religioner, ville vise, at det såmænd ikke er så usædvanligt som man måske skulle tro. Det må være et tema for en artikel i det kommende tidsskrift.

*Mikael Rothstein, Københavns Universitet*

Gunnhild Røthe,  
*I Odins tid. Norrøn religion i fornaldersagaene.*  
Hafsfjord: Saga Bok, 2010. 320 s.

Siktemålet med denne boka er ”å gi et overblikk over referansene og allusjonene til norrøn myte og kult [i fornaldersagaene], samt å drøfte disse i forhold til andre litterære og arkeologiske kilder”, med tanke på å bruke fornaldersogene ”som kilder til norrøn religion” – skriv Røthe i innleiinga. Bakgrunnen for dette er den kjeldekritiske haldningsendringa som har skjedd dei siste tiåra. Vi har minimalt med samtidige kjelder til gammalnordisk religion. Dei viktigaste kjeldene er islandske tekstar nedskrivne på 1200-talet, først og fremst eddadikt og skaldedikt som vi meiner har levd i munnsleg tradisjon frå førkristen (eller tidleg kristen tid) til nedskrivinga, og Snorres Edda frå tidleg på 1200-talet. Så er det

(andre) prosatekstar skrivne i same perioden: Islendingsoger og kongesoger med handling frå vikingtida, og lover. I tillegg har vi fornaldersogene, som er skrivne på 12-1400-talet og har handling frå fyrste delen av vikingtida eller endå tidlegare. Og så har vi arkeologiske funn, stadnamn og folketradisjon frå nyare tid. Alle desse kjeldene inneholder opplysningar som potensielt kan seia oss noko – meir eller mindre – om førkristen tru og kult i Norden. Men forskarane si tru på dei ulike kjeldene har endra seg svært gjennom dei siste 100 åra. Tidleg på 1900-talet vart alle desse kjeldene rekna som verdifulle, også folketradisjon innsamla på den tida. Så svinga pendelen i meir og meir kritisk retning, til mange på 1950- og 1960-talet hyperkritisk berre godtok dei få vikingtidskjeldene og eddadikt og skaldedikt traderte frå vikingtida. Argumentet var at kunnskapen om heidendomen raskt forfall etter kristninga, samtidig som kristne forfattarar ønskte å demonisere heidendomen, slik at berre kjeldene som stod heidendomen nærast hadde verdi. Men dette snudde. Ut over 1980- og 1990-talet vart Snorre-Edda og til dels kongesogene og islendingsogene tekne inn att i varmen, og etter kvart har fleire òg fått tru på at fornaldersogene kan gje oss verdifulle opplysningar, endå dei er tydeleg uhistoriske, fulle av litterære konstruksjonar og ofte vesentleg yngre enn dei andre prosakjeldene. (No innser òg fleire og fleire potensialet i folketradisjonane frå nyare tid.)

Denne boka er eit klårt uttrykk for denne haldningsendringa, og ho er svært nyttig for religionsgranskurar som vil prøve å gjera bruk av fornaldersogene. Røthe har gått gjennom heile fornaldersogekorpuset (godt over 30 soger av varierande lengd), med variantane av dei ulike sogene, og silt ut det meste som gjeld den førkristne religionen. Så har ho ordna det tematisk, i kapitla ”Odin”, ”Jotner”, ”Diser, fylgjer, hamingjer, valkyrjer og norner”, og ”Blot, hov og haug”, og i drøftinga av dette stoffet har ho samla kolossalt med både primær- og sekundær litteratur. Mykje av stoffet er lite drøfta før, så det er mykje spennande i det. Røthe peikar på at fornaldersogene systematisk viser ”en annen mytologisk tradisjon enn den klassiske islandske nedfelt i Snorres verk”. Det gjeld ikkje minst jotnane, som har ei viktigare rolle i fornaldersogene enn i andre kjelder, og der personifiserer norske landskap og er stamfedrar til kongeætter. Fornaldersogene skil seg òg ut med å gje Odin ei meir dominerande rolle enn elles.

Det er altså mykje godt å seia om boka, men likevel vil eg seia at ho ikkje heilt innfrir, av fleire grunnar. Boka inneholder ikkje så mykje nytt bortsett frå samlinga av primær- og sekundær materialet. Røthe går igjennom og drøftar korleis materialet best kan forståast, men desse drøftingane fører ikkje fram til så mange nye tolkingar, jamvel om det kan vera fleire enn eg har sett, sidan Røthe i liten grad set sine eigne tolkingar i kontrast til andre. Dessutan kan drøftinga sprike vel mykje, sidan temaet ”alt som har med førkristen religion i fornaldersogene å gjera” er veldig vidt. Då blir det lett ein diskusjon av likt og ulikt, med litt lite retning og fokus.

Eit samlande fokus kunne vori på kjeldeverdien og kjeldeproblema. Men Røthe seier faktisk lite om kva fornaldersogene kan gje av tilleggsinformasjon om førkristen tru og kult og korleis vi kan vaske dei gullkorna ut av elvegrusen. Ein del gonger nemner Røthe grunnar til at det eller det motivet må vera ein konstruksjon frå kristen tid, men vi kan jo ikkje gå ut frå at resten er genuint heidne. Skal vi kunne tru at eit motiv eller ei opplysning speglar heiden tid, så må det nemnast særskilde grunnar til det, men den typen vurderingar er det lite av i boka. Mange gonger seier Røthe at den eller den opplysninga kan seia noko

om den gamle religionen, og av og til nemner ho grunnar til å tru at det faktisk er slik (som på s. 75, 77, 189, 218), men det er altfor sjeldan. Oftast går Røthe i staden andre vegen, og tolkar motiv i fornaldersogene i lys av eldre / meir pålitelege opplysningar. Dét kan vera interessant nok, men det gjev oss ikkje større kunnskap om gammalnordisk religion. Vi treng å utvikle betre metodar til å identifisere førkristne minne i fornaldersogene, men vi har ein del resonnement. Nokre av dei nemner Røthe i metodeinnleiinga og konklusjonen, til dømes:

- Motiv som ikkje kan forklarast ut frå kristen ideologi har sannsynlegvis førkriste opphav (Clunies Ross).
- Motiv som ikkje har nokon funksjon i handlinga er neppe medvetne konstruksjonar frå forfattaren si side, men er truleg førkristne minne som er komne med “ufordøydd” (Schjødt og Meulengracht Sørensen).
- Fleire av sogene “bygger på muntlig tradisjon hvor genealogisk kunnskap spilte en viktig rolle”, og den typen kunnskap veit vi er seigliva (Røthe sjølv, s. 295).
- Mytologiske mønster i fornaldersogene kan vanskeleg skrive seg frå ein “kristen konspirasjon hvor man så å si ble enige om å skape en ‘hedendom’” (Røthe sjølv, s. 295).

Dessverre brukar Røthe slike resonnement lite i drøftinga, til å identifisere sannsynlege overleveringar frå førkristen tid.

Det er òg ein del formelt småplukk å setja fingeren på: Litt for mange skrivefeil, mange kommafeil, her og der problem med det norrøne språket (Å kanna ’undersøke’ omsett med ’å kjenne’ s. 65, adjektivet árgjarn ’lysten på godt år’ oppfatta som substantiv s. 78, m.m.), islandsk ø (ö) i staden for norsk o (ø) av norrøn q til og med i ord som finst (med o) i moderne norsk; titlar som manglar i litteraturlista, m.m.

Eit par tema Røthe tek opp vil eg kommentere særskilt. Ho peikar på at ”Mens Odin framstår som representant for hedendommen i fornaldersagaene, er denne rollen i islendingesagaene ivaretatt av Tor og Frøy” (s. 257). Dette samsvarar med at fornaldersogene har handling i meir aristokratisk miljø enn islendingssogene og at Odin var fyrsteguden, medan Frøy og særleg Tor var gudar for bøndene. Denne skilnaden mellom islendingssoger og fornaldersoger kan difor styrke truverdet til fornaldersogene heller enn å svekke det. I drøftinga av haugbrot utviklar Røthe ein teori om at ”de levendes kommunikasjon med de døde innebar en form for ergi, en form for seksuell ekstase som gjorde det mulig å komme i kontakt med makter og krefter i tilværelsen man ellers ikke hadde tilgang til” (s. 271). Eg ser ikkje at det er grunnlag for dette. Sant nok kallar Romund haugbuen Trāin i Hrómundar saga Gripssonar for ragr ok blauðr ’kjerringaktig og mjuk’. Men det treng ikkje ha anna årsak enn at Trāin sit passiv medan Romund tek frå han hans gods og sverð, som tyder både ’sverd’ og ’penis’.

Trass i dei veike sidene er dette ei nyttig bok som eg kjem til å slå opp i mange gonger i åra framover.

*Eldar Heide, Universitetet i Bergen*